

Styrets forslag til forretningsorden for årsmøte i Herøy Kajakklubb 23.03.2022

1. Leiar for Herøy Kajakklubb opnar årsmøtet, og leier årsmøtet fram til det er valgt ordstyrar og referent. Valgt ordstyrar leier årsmøtet gjennom saklista. Valnemd og ordstyrar gjennomfører val av medlemmar til styret. Protokoll/referat førast av valgt referent.

2. Medlemmar som har vore medlem* meir enn 1 mnd. har talerett/forslagsrett på årsmøtet. Ein ber om ordet ved handsopprekking, og ordstyrar (-ar) held oversikt over rekkefølge og taletid. Ordstyrar gir ordet til den som skal tale. Medlemmar over 15 år, som har vore medlem* meir enn 1 mnd. har stemmerett på årsmøtet.

* - *gyldig medlemsskap, ikkje uteståande kontingentkrav.*

3. Representantar kan få talerett inntil 3 gongar pr sak. Taletid er maksimalt 5 min. pr. gong.

4. Val vert gjennomført etter HKK sine vedtekter **§ 16**:

§ 16 Stemmegjeving på årsmøtet

(1) Med mindre noko anna er fastlagt i denne lova, skal eit vedtak, for å vere gyldig, vere gjort med vanleg fleirtal av dei avgjevne stemmene. Ingen representant har meir enn ei stemme. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt. Blanke stemmer skal reknast som ikkje avgjevne.

(2) Val skal vere skriftleg dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg eller det vert fremja krav om det. Dersom det skal vere skriftleg val, kan berre føreslegne kandidatar førast opp på stemmesetelen. Stemmesetler som er blanke, eller som inneheld kandidatar som ikkje er føreslegne, eller ikkje har det tal det skal stemmast over, tel ikkje, og stemmene skal reknast som ikkje avgjevne.

(3) Når eit val vert halde enkeltvis og ingen kandidat oppnår meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene, skal det vere omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer. Står nokon likt etter omvalet, vert det avgjort ved loddtrekking.

(4) Når fleire skal veljast ved ei røysting, må alle ha meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene for å vere valt. Dette gjeld ikkje ved val av varamedlem. Om ikkje mange nok kandidatar får dette i første omgang, er det berre dei som har fått meir enn halvparten av stemmene som er valde. Det vert så omval mellom dei kandidatane som står att, og etter denne røystinga er dei valde som har fått flest stemmer. Står nokon likt etter omvalet, vert dette avgjort ved loddtrekking.

Valnemda gjennomfører val til styret. Styret gjennomfører val av valnemd.

5. Forslag og vedtak førast inn i protokollen med antall avgitte stemmer for og imot.

